

# Mellom brot og kontinuitet

Til forståing av dei gassiske vekkingsrørslene

AV KJETIL AANO

Afrika sør for Sahara er i ferd med å bli kristna, vert det hevda. Kristentrua synest i noen grad å erstatta det verdigrunnlaget som dei tradisjonelle religiøs-kulturelle syntesane representerte.<sup>1</sup> I den pågåande prosessen spelar dei independentiske afrikanske kyrkjene ei viktig rolle.<sup>2</sup>

Desse independentiske rørslene avspeglar eit vidt spekter både kva praksis og form angår. Noen er heilt frittståande med bare liten kontakt med andre kristne grupper. Noen lever livet sitt som organiserte storleikar innanfor historiske kyrkjer, som t. d. deler av East Afrikan Revival, og vekkingsrørslene på Madagaskar. Også når det gjeld innhald og lære spenner dei vidt, heilt frå genuint kristne rørsler der meir form enn innhald utgjer det særeigne, til rørsler der det kristne innslaget synest vera temmeleg perifert.<sup>3</sup>

Her er ikkje poenget å ta opp desse rørslene i all deira mangfold, men med dei gassiske vekkingsrørslene<sup>4</sup> som eksempel å peika på eit moment eller ei sida av deira verksemد, som eg meiner er vesentleg skal vi forstå den rolla desse rørslene spelar i dagens situasjon.

Stikkorda er kontinuitet og brot.

Det er særeige for mange av desse rørslene at dei står i ein direkte samanheng med det kulturgrunnlaget dei sprang ut ifrå. Rørslene representerer *kontinuitet* med den uverbaliserte forståingshorisonten dei ulike samfunna har, den som det ofte er svært vanskeleg for framande å trenga inn i. Samstundes representerer dei ofte det mest konsekvent gjennomførte *brotet* med visse sider av den kulturen og den religiøse verdensforståinga dei sprang ut av. Her trur eg det ligg ein nøkkel til å forstå desse rørslene sin funksjon, til

sjon, til å forstå den appellen dei har og den viktige rolla dei spelar i dagens Afrika. I spenninga mellom kontinuitet og brot tror eg vi finn mye av ein nøkkel til å forstå dette.

## II

Dersom det er riktig at Afrika er i ferd med å kristnas, er det kyrkje-historisk sett eit interessant fenomen. Det har tidlegare vore to store kristningsepokar: først oldkyrkja si glanstid då så godt som heile den dåverande 'verden' vart kristna, og sidan mellomalderen då då resten av Europa, særleg nordover og austover, vart innlemma i den kristne verden.<sup>5</sup> Under begge desse epokane synest kristninga i det minste til dels å ha skjedd utfrå eit visst samspel mellom kyrkje og politiske interesser. Såleis brukte Konstantin medvite kristendommen som samlande ideologi for heile Romarriket.<sup>6</sup> — Liknande synest det å ha vore for Norges kristning sitt vedkommande, sjølv om forholda elles var ytterst ulike.<sup>7</sup> Ein kan vel jamvel hevda at så lenge den Romerske kyrkja var einerådande i Vesterlanda, kjende ein bare denne måten å kristna land og folk på. Derfor var det langs gamle og velprøvde vegar dei gjekk, både Ricci og Roberto de Nobile då dei gjorde sine storstilte forsøk på å kristna henholdsvis Kina og India.<sup>8</sup>

På den tida då dei lutherske kyrkjene gjorde sitt inntog i historia, var kristningsprosessen avslutta i den delen av verden det gjaldt. Den lutherske kyrkje oppsto i land som alt var kristna, i land der den kristne trua alt utgjorde det felles verdi- og kultur-grunnlaget, eller i det minste det dominerande elementet i det. Dei lutherske kyrkjene manglar altså direkte historisk erfaring i det å delta i kristningsprosessen i eit land, medan den katolske kyrkja har lang erfaring i så måte.

Det spørst om ikkje denne historiske bakgrunnen i noen grad er med å prege både katolsk og luthersk misjonsarbeid og metode. — Den lutherske vektlegginga på synd og nåde i forkynninga, forutset tilhøyrarar som kjenner dei kristne omgrepene og som er kjent med hovuddraga i bibelhistoria. — Det gjeld også forkynninga i dei vekingsrørslene som har fløymt over Norge. Dei har kunnskap om kristen tru som ufråkomeleg forutsetnad.

I misjonssituasjonen manglar denne nødvendige kunnskapsbakgrunnen, og ein står i den vanskelege situasjonen at tradisjonell luthersk forkynning ikkje blir forstått. — For ein misjonær som ønsker

å stå i luthersk tradisjon, kan dette opplevast som vanskeleg og anfektande. — Eg trur ikkje ein kjem ut av det på annen måte enn ved å vedgå at misjonsforkynning står i ein annan situasjon enn forkynning blant folk som er kristna, blant folk som alt har begrep om kva kristendom dreier seg om, som — alle manglar til tross — alt kjenner til ein del grunnleggande kristne sanningar. Enkelt sagt: Sentral luthersk forkynning er nødt til å ha eit grunnlag å bygge på.

Så langt eg kan sjå stemmer dette også med Det nye testamentet (NT). I forkynning for heidningar heilt ukjente med bodskapen, møter vi ei heilt anna aksentuering enn i Paulus si forkynning for dei kristne kyrkjelydande. I forkynning for heidningane blir Guds allmakt streka under, og at det er denne allmektige Gud som har sendt sin tenar Jesus Kristus som han i si veldige kraft har reist opp frå dei døde. Denne Guds kraft er verksam også i dag gjennom hans tenrar. Til sist legg ein gjerne vekt på forkynnaraane si fullmakt, som sannferdige vitne i ord og gjerning ber dei bod om denne Guds kraft og kjærleik.<sup>9</sup>

I forkynninga på dette planet er det ennå rom for tilknytningsspunkt til det almene kultur-grunnlaget og det vedtatte verdensbi-letet hos dei det vert forkynt til.<sup>10</sup> Brotet og støytestenen kjem først i neste leddet, i opplæringa i kva kristen tru er og i forkynninga for dei som gjerne vil bli kristne. Her kjem forkynninga av lov og evangelium inn som noe radikalt nytt og ukjent — og støytande: lova forkynner ei personleg skuld som ikkje let seg ordnast ved hjelp av noe mennesket sjølv presterer av sonings-rituale e. l. Evangeliet for-kynner ein nåde og ei tilgiving som er uavhengig av at menneska oppfyller dei vedtatte krava om korleis ein skal gå fram for å blid-gjera maktene og stemma dei mildt.

Romersk katolsk tradisjon er annleis. Der har kristninga av land, folk og folkegrupper vore både teori og praksis ned gjennom historia. Dette heng saman med teologisk forståing av sentrale omgrep som tru, gjenføding osb. i katolsk samanheng. Kort sagt blir vekta i sterkare grad langt på presten som formidlar av nåden gjennom den institusjonaliserte kyrkja sine kanalar, dåp, natverd, skrifte. Katolsk misjon har derfor meir medvite satsa på ein ytre kristianise-ring av samfunnet og den har gjerne søkt å gjera dette ved medvite å söka å påverka leiarane i samfunnet for gjennom dei å nå alle lag og grupper.

Parallelt med dette arbeider også den katolske kyrkja (RK) med-vite med kulturen og religionen på staden. RK har særleg i den siste

tida vore mye meir åpen overfor lokale kulturelle og jamvel religiøse utrykksformer enn t. d. luthersk misjon. — Dette er sterkt merkbart på Madagaskar. Den romerske kyrkja er svært tolerant overfor all lokal tradisjon, også det som utan tvil heng saman med den heidenske Gudsdyrkinga, — utfrå tanken om at dette ikkje er opprør mot Gud, men Gudsdyrkning på avvegar og derfor ikkje bør avisast, men bare kurskorrigerast. Ein godtar altså folkets forestillingsverden slik den er, med langsiktig mål å fylla omgrepa med kristent innhald. — Utan dette langsiktige perspektivet fortoner det seg som om RK for tida godtar og godkjener alt i den tradisjonelle gassiske heidenskapen.

Styrken i denne arbeidsmåten er dobbel: ein oppnår umiddelbar kontakt med folket sin forestillingsverden — og ein har eit tidsperspektiv som på mange måtar er innbydande. Svakheten er imidlertid åpenbar: verken mennesket si individuelle skuld eller avgudsdyrkinga sitt sanne vesen som opprør mot skaparen, blir tatt på alvor.

### III

Tilbake til utgangspunktet: dei gassiske vekkingsrørslene som eit døme på visse trekk ved afrikansk independentisme.<sup>11</sup>

Dei gassiske rørslene har på eitt unnatak nær,<sup>12</sup> sprunge ut av den lutherske kyrkja på øya. Og stort sett er dei forblitt innafor denne kyrkja, som frie rørsler, men integrert i det kyrklelege apparatet som ei av kyrkja sine arbeidsgreiner. Ei av rørslene har brote ut av kyrkja og sidan organisert seg som fritt og uavhengig samfunn.<sup>13</sup>

I den gassisk-lutherske kyrkja spelar desse rørslene ei stor og viktig rolle på to vis: dei er viktige i mye av det som foregår av nybrotsarbeid; og dei representerer ein sterk etisk impuls først og fremst overfor sine eigne medlemer, men også utover i kyrkjelydane elles, der dei står sterkt.

Desse to sidene heng nøye saman med det eg innleiingsvis nemnde som rørslene sitt særtrekk: deira forhold til sin kulturbakgrunn, strikkordmessig nemnt som kontinuitet og brot.

— Som vi viste, er det i luthersk samanheng ein føresetnad for sann og rett forkynning, at det i det minste forelegg eit minimum av kjennskap til bibelske sanningar og bibelhistorie. I katolsk samanheng prøver ein derimot å skapa ein slags syntese mellom kristent innhald og lokal kultur og stadeigne forestillingar.

Det er mitt poeng at desse rørslene — i den grad dei er genuint kristne — maktar å kombinera desse to forholda på ein fruktbar måte. Det skjer meir eller mindre ureflektert når det bibelske budskapet slår inn i det eksisterande kulturgrunnlaget. Rørslene godtar i utgangspunktet utan korrektiv det verdensbiletet ein har i vedkommende kultur. Direkte inn i dette talar Det nye testamentet sitt budskap. Det skjer ingen formidling ved hjelp av vestleg opplysning, eller noe anna for den del. Det trengst ikkje, fordi NT sitt verdensbilete i så stor grad synest ha affinitet til det ein i gassisk samanheng møter, at det på sett og vis synest å foregå ein direkte samtale. Denne affiniteten gjeld kanskje mest det ein kunne kalla underliggende strukturar i verdensforståinga. Det er nok ein viss skilnad i t. d. verdensbiletet, men det er eit slags strukturelt slektskap. Det gjeld ikkje minst talen om kampen mellom vonde og gode makter i tilværet, trua på vonde åndskrefter og forholdet til sjukdom. Det same gjeld også forholdet til NT's offerterminologi. Innhaldet er ulikt, men det er strukturell affinitet mellom NT, (kanskje særleg GT) og gassisk religion.<sup>14</sup>

Dermed blir den kulturelle syntesen som romersk-katolsk misjon synest å arbeide fram mot unødvendig, for samtale synest vera gitt i utgangspunktet, i alle fall i stor nok grad til at det blir kommunikasjon av det. Dermed oppstår den underlege situasjonen at desse rørslene på sett og vis oppnår same forhold til sine tilhørarar, som ein på luthersk hald har når ein har å gjera med ei forsamling med god kjennskap til kristne begrep og bibelhistorie, i alle fall dersom ein ser formalt kommunikasjonsmessig på det. Skilnaden gir seg sjølv: i det eine tilfellet er det kjennskap til kristen tru som skaper tilknytningspunktet, i det andre tilfelle er det felles kulturell bakgrunn og felles røyndomsbilete generelt sett.

Dette er den gitte situasjonen. Og som eg har prøvt å peika på, er nettopp ein slik affinitet mellom kulturgrunnlaget det skal forkynnast inn i, eit viktig element i ein kristningsprosess.

#### IV

Eg har nå peikt på den fruktbare sida av den umiddelbare godtakkinga av kulturgrunnlaget på staden, som desse rørslene synest praktisera. Den andre sida av møtet er *brotet* eller konflikten mellom NT's budskap og ein del element i den gassiske folkereligionen.

Det ligg konflikt innebygd i sjølve møtet mellom NT og det hei-

denske miljøet. Det er ein konflikt som godt kan samanliknast med profetane si gjerning i GT. Dei kjempa med nebb og klør mot all avgudsdyrkning og pervertert gudstru, men ikkje ved å forsøka å bringa folket til ny prinsipiell innsikt om verden, ikkje ved avmytoligisering om ein vil, men ved formaning, domsord og løfte om frelse. Slik også her: heidenskapen blir avvist som feilslått, som opprør mot den sanne Gud, som perversjon av sanninga, som tilbeding av Guds motstandar, djevelen og heile hans hær. Men heidenske gudar og ånder blir ikkje avviste som ikkje-eksisterande eller makteklause. Heidenske ritual og skikkar blir ikkje avvist som betydnings- eller kraft-lause. Dei blir tatt på alvor og ofte forstått på ein måte som er parallel med den som Paulus synest antyda: avgudar er ikkje verkelege gudar, men demoniske makter i opprør mot Gud, 1. Kor. 10, 14–22.

Heidenskapen blir ikkje tatt lettvint. Heidenske skikkar og rituale blir avviste, og det blir krevd av rørslene sine tilhengarar at dei skal avhalda seg frå slikt. Ofte er reglene i så måte strengare i desse rørslene enn i kyrkja forøvrig, i alle fall er det tilfelle for Madagaskars vedkomande.

Sjølv om heidenskapen blir avvist, blir kontakten med kulturgrunnlag bevart gjennom det at rituale og skikkar blir tømt for det heidenske innhaldet og fylt med kristent. Til dømes blir heidenske åndemaningsrituale avviste, for det som er bunde av Satan kan ikkje bli frigjort av Satan. Frigjering frå Satans makt kan bare skje ved Jesu namn. I dei gassiske vekkingsrørslene finst det eigne rituale for det. Desse er ytre sett ikkje ulike dei heidenske, men dei har fått nytt innhald i det skriftlesing utgjer grunnstammen, bøn og nemning av Jesus-namnet er makta som driv det vonde bort. — I gassisk heidenskap spelar syner og draumar ei stor rolle. Slik også i dei gassiske vekkingsrørslene. Men også det blir kristna. Før var det åndene til dei avdøde fedrane som synte seg for å minna dei gjenlevande om eitkvart som måtte gjerast for dei døde. Nå er det Jesus Kristus som syner seg og formanar til omvending og tru, til bot, eller til meir konkrete handlingar som oppmoding til å bygga kyrkje. Og — det er også viktig — nå har ein fått eit nytt ytre kriterium som slike syner og draumar blir målt på: Guds heilage ord. Det er rettesnor og målestokk også for slike ytringar. Likevel er det klart at ein her opererer på til dels farleg mark, og mulighetene for utgliding er mange. Ofte vil nok rørslene sin verkelege karakter bli avslørt på område som desse. Ikkje utfrå spørsmålet om i kva grad slike feno-

men finst, men i kva grad ein viser vilje til å la åpenbaringa i Skrifta vera avgjerande autoritet også overfor overnaturlege fenomen som dei eg nemnde. — I mange tilfelle vil ein finna at det er nettopp omkring slike spørsmål det har oppstått strid, når rørsler har oppstått innanfor historiske kyrkjer.<sup>15</sup> Trass i all fare det er forbunde med dette, trur eg ein i lengden vil vera tent med ganske stor romslighet. Det motsette vil gjerne føra til brot mellom rørsla og kyrkja — noe eg trur ingen er tent med.

Dei konfliktområda eg har nemnt til nå, er på mange måtar relativt enkle, fordi det dreier seg om ytre konflikter som medlemene i rørslene alltid er seg medvitne er der. Det er konflikter rørslene lever med, og dei representerer eigentleg deira styrke. For de er der skilnaden mellom det gamle, heidenskapen, og det nye, kristentrua, kjem tydeleg fram. Og det er godt med klare linjer.

Det er eit anna konfliktområde som er vanskelegare fordi det ikkje er så tydeleg. Det ligg — all affinitet til tross — ein innebygd konflikt i sjølve møtet med den kulturgrunnen rørslene representerer, og NT sitt budskap. Eg trur eit punkt der det ligg ein slik innebygd forståingskonflikt, er forholdet til personleg skuld.<sup>16</sup> Nært knytt til dette er sjølve syndsbegrepet. I afrikansk samanheng blir synd forstått meir som brot på fastlagte handlingsmønster, enn som opprør mot ein guddommeleg vilje. Derfor kan synd gjerne gjeraast godt igjen ved dertil eigna riter.<sup>17</sup> — Ein slik tankegang som her skissert, tar ein lett med seg inn i kristentrua, noe som medfører ein konsekvensrik forandring av grunnleggande punkt i den kristne trua. — Også for dei gassiske vekkingsrørslene er dette tydelegvis eit vanskeleg punkt, og ein vil finna at det er ganske mye som er uklart når det gjeld desse spørsmåla, også for trufaste medlemer av rørslene. I forkynning, og ikkje minst i dei vakte sine vitnemål, vil ein gjerne få det framstilt slik at all vondskap, all freistung og forleiding til synd og fall kjem utanfrå, frå djevelen og hans demoniske drabantar. Det vonde i oss sjølve, synda som heng så fast ved meg, det i seg sjølv innkrøkte menneske som er i opprør mot Gud, synest ofte bli svakt aksentuert og mest falla bort i samanhenget.

Imidlertid trur eg ikkje vi skal vera altfor raske med å fella dommar. Ein kan lett koma til å döma på feil premiss. Ein må i det minste gi rom for at uttrykksformer er kultur-bestemte, og dei kan mange gonger vera meir indirekte enn våre. I gassisk samanheng er dette med det indirekte sakte ei påfallande kultur-drag. Derfor

trur eg ein ofte ved hjelp av slike indirekte omskrivingar, der det vonde synest komma utanfrå, får demoniske makter o. l., ønsker å bekjenna personleg synd og skuld. Tankegangen er kanskje noe i retning av dette: Korleis kunne djevelen eller demoniske makter forleda meg til å handla mot Guds vilje, dersom ikkje dette fann noe i meg som var i samklang med sitt eige vesen?<sup>18</sup> Likevel er nok denne løynde konflikten mellom rørlene sin verden og Det nye testamentet sitt budskap eit problem som ein ikkje så fort blir ferdig med. Også når det gjeld sjølve verdensbiletet, vil det etter mi meiningsfør eller sidan måtta komma eit oppgjer. I vår samanheng er det truleg i synet på sjukdom det først vil syna seg å vera ein motsettning mellom det tradisjonelle og eit meir moderne verdensbilete. Skal sjukdom tolkast som demoniske makters inngrep i verden, eller skal den gis ei meir logisk årsaks-forklaring? Her står det nok ein god del utfordringar igjen.

## V

David Barrett har sterkare enn dei fleste påvist at Afrika er i ferd med å kristnast. Han er også den som sterkare enn noen annan har ropt eit varsco til kyrkjene i Afrika og dei som samarbeider med dei: dersom det ikkje blir satsa storstilt på opplæring i tida som kjem, kan heile den prosessen som er i gang, resultera i eit tynt tilsynelatande kristent ferniss over reint heidenske forestillingar og trusformer. Resultatet kan komma til å bli noe liknande det den spansk-portugisiske 'kristninga' av Latin-Amerika har ført til, — rein synkretisme under ei kristen overflate. Og det står ikkje til å nekta for at ein del av dei independentistiske rørlene alt må karakteriserast som slike synkretistiske fenomen.<sup>19</sup>

Bakrunnen for dette varscoet er nettopp det forholdet som også har framskunda kristningsprosessen: at den afrikanske kulturen og religionen uformidla synest møta NT sin verden. Det som kan skje, er at i det møtet taper NT sitt budskap. Det kan føra til ei vektforskyving slik at kristendommen blir tolka i lys av den afrikanske bakgrunnen i den grad at afrikansk religion og kultur blir den hermenevtiske nøkkelen til bibel-forståinga. Derfor er opplæring nødvendig i aller sterkegrad.

Den opplæringa som trengst er enkel kunnskap om bibel og kristen tru. Blir slik opplæring gitt, vil ein lettare kunna unngå at den kulturelle bakrunnen skjuler kristentrua sitt sentrum. Målet må

tvert imot vera det motsette: at kristentrua, at det bibelske budskapet gir kriteria for korleis den afrikanske kulturen og religionen skal bli forstått. I dette kjem ein ikkje utanom eit visst arbeid med tolkningsprinsipp. Elles kan ein enda i rein vilkårighet.<sup>20</sup>

Vi vesterlendingar vil kanskje oppleva at ein del av det som veks fram av dette møtet mellom afrikansk kultur og Bibelens budskap, verkar framandt og gjerne til dels vulgært og lite tiltalende. Men vi har ikkje rett til å setja oss som dommarar over kulturelt betinga yttringsformer. For blir sentrum i trua bevart — Jesus Kristus og han krossfest — då blir også kristentrua bevart.

## Noter

1. Dette er med styrke blitt hevda av mange afrika-kjennarar dei siste åra. Eit sterkt vitne-mål om at det er rett, representerer dei siste arbeida til Kenya-forskaaren David B. Barrett.
2. Det er etter mi meining ikkje sakssvarande å kalla rørslene «uavhengige afrikanske kyrkjer». For også dei historiske kyrkjene er i dagens situasjon uavhengige. Eg har derfor valt omgrepet 'independentisme', som eit forsøk på å gjengi det engelske 'independency'.
3. Barrett: *Schism and Renewal in Africa*. Nairobi 1970. s.
4. I hovudsak fire bølger stort sett innafor den lutherske kyrkja: Soatanana frå 1893; Ravelonjanahary og Jaofera frå 1903; Austkyst-rørsla frå 1937; Farihimena-rørsla frå 1947.
5. Jfr. t. d. inndelinga i oversiktsverket: *Kirchengeschichte als Missionsgeschichte*, München 1974, og 78 i I: Die alte Kirche og II: Die Kirche des frühen Mittelalters.
6. Göransson/Christensen, nemnde bok s. 113—122, også se. 329—341.
7. F. Birkeli: *I Tidsskrift for teologi og kirke*, 1979 eller 1980.
8. Som eit interessant å propos kan det nemnast at då dei puritansk-independentiske engelske misjonærane som kom til Madagaskar rundt 1820, byrja få fortgang i arbeidet etter 30—35 år, prøvde dei å nyta same arbeidsmåten. Og i grunnen lukkast dei, i det dronninga og hennar hus vart døypt i 1869. Rett nok vart kristendommen aldri offisiell stats-religion, men den nyansen skjønna ikkje folk flest. — Ulempen var at hennar politiske innflytelse ikkje rakk utover heile øya, og at den kristne religiøsutovinga, eller 'tilbedinga' som den vart kalla, ikkje vart oppfatta som anna enn ei nyform for hoveri eller tvangsarbeid. — Likevel var det ei interessant historisk eksperiment som nok har hatt sitt å seia for kristendommen sin stilling blant den gassiske innlandsbefolkingen. Jfr. F. Birkeli: *Politikk og misjon*, Oslo 1952.
9. Sjå Apgj. 17, 24 ff og 31. 4, 19. 5, 29—31 og 4, 20 Jfr. 15, 28.
10. I Apostelgjerningane var det særleg oppstoda det vart reaksjon på. Mi personlege erfaring frå Madagaskar er at også her blir det reagert på den, — vel å merke når det blir understreka at oppstoda gjeld heile mennesket, ånd, sjel og lekam. Men at *det* er alvorleg meint, blir knapt forstått av andre enn dei som alt er grunnfest i kristen tru. Gassisk religiøsitet har ei sterk tru på udødelegdom når det gjeld sjela eller anda. Noe utover det har jamvel kristne vanskeleg for å forestilla seg.

11. Om dei gassiske rørlene sitt forhold til tilsvarande rørsler på kontinentet, sjå Barrett: *Schism and Renewal*, s. 212–15, 227–8
12. Rørla som braut ut omkring Ravelonjanahary hadde tilknytning først og fremst til reformert arbeid.
13. Den eldste vekkingsrørla, Soatanana-rørla, sa definitivt farvel med luthersk misjon og kyrkje i 1954, etter opprivande strid. Den er nå registrert som eige trussamfunn og hadde i 1970 ca. 50.000 medlemer. Jfr. Barrett: *Schism and Renewal* s. 286.
14. Jfr. Lars Vig: Offertanken i den Madagassiske Folkereligion.
15. Jfr. diskusjonen NMS-misjonærar seg imellom i samband med Soatanana-rørla. Norsk Missionstidende 1901.
16. Sjå Sutan Hutagalung: *The Confession Augustana as a confession of faith in the present historical setting*, i LWF-Report June 1980 s. 44 f. Der opererer han med omgrepene 'shame-cultures' og meiner ein kultur der personleg skuld synest vera ukjent, med mindre det medfører skam.
17. Det gassiske ordet for skuldig tyder også fysisk bøygd eller skeiv. (meloka). Begge deler let seg retta på ved konkrete handlingar.
18. Dette er ei forklaring ein ofte møter hos leirarar innafor rørla. Men det spørs i kva grad denne tankegangen slår gjennom hos den vanlege medlemsmassen.
19. Jfr. Barrett: *Schism and Renewal*, s. 46–51.
20. Sutan Hutagalung, op.cit. s. 44 om teologisk arbeid i unge kyrkjer: «There is a danger of jumping from scriptural texts to contemporary application without deeper theological reflection; here, a doctrinal formulation like the *Confessio Augustana* can be of great assistance.»  
— Det er elles verd å merke seg at det har vore påfallande få grupper som har brote ut av lutherske kyrkjer. Eg trur ikkje ein tar feil om ein antar det heng saman med at: 1. Luthersk tradisjon gir rom for variasjon i praksis, og dermed større mulighet for rørsler til å verka etter sin eigenart innafor kyrkjja; 2. Dei lutherske vedkjenningsskriftene har fungert som ein hermenevtisk nøkkel for dei lutherske kristne. Dermed er mange avvegar i møtet mellom skrifta og kulturen avverga i utgangspunktet.